STREIFBLIKK
Ein liten historietime om vår fagforeningshistorikk som har fått oss alle som set her så langt som vi er kome no.

https://www.utdanningsforbundet.no/contentassets/be1d2d987e2749c8a09c878edd475da7/streifblikk_2019-1080p.mp4

TVO

Arbeidstid barnehage - ein introduksjon

TV2-KS

- **SFS 2201** (Kommunale barnehagar) skal drøftast.
- SFS 2213 (Kommunale skular) skal forhandlast.

Drøfting

- Både tillitsvalde og arbeidsgjevar får høve til å fremje sitt syn og sine vurderingar i saker før det vert teke ei avgjer.

  Målet er å finne fram til ei felles løysing .

- Gode informasjons- og drøftingsprosessar inneber at det er tid nok til å sjå så godt som mogeleg på saka før endeleg avgjer blir fatta.

- Arbeidsgjevar har til sjuande og sist styringsrett.

Forhandling

- Partane er likeverdige. Arbeidsgjevar har ikkje styringsrett.

  Målet med forhandlingar er at to likeverdige partar skal kome fram til ei løysing som partane kan leve med.

- Blir ikkje partane einige i forhandlingane har vi ein tvist.

- Ulike typar forhandlingar har ulike heimlar for korleis tvistar skal løysast (tvisteløysing).

Hovedtemaer i denne arbeidstidøkta:

1. Utdanningsforbundet sin politikk

   - godt å ha med som bakgrunn for drøftingar

2. Arbeidstid i barnehagen

   - Kva er SFS 2201
   - Styrar i barnehagen
   - Pedagogisk personale i barnehagen
   - Planlegging, for- og etterarbeid
   - Organisering av tida
   - Planlegging/samarbeid heile personalet

1. Utdanningsforbundet sin politikk

Mål for vårt arbeid med lønns- og arbeidsvilkår

- Prosentvis lønnsutvikling for yrkesgrupper med høgare utdanning i offentleg sektor som minst er på linje med lønnsutviklinga for tilsvarande yrkesgrupper i industrien
- Minske skilnadane i lønnsnivået mellom privat og offentleg sektor for tilsette og leiarar med høgare utdanning
- Sentralt avtalte lønnssystem som sikrar objektive og føreseielege kriterie (utdanning, kompetanse og ansvar)

Mål for vårt arbeid med lønns- og arbeidsvilkår

- Sentrale kollektive arbeidstidsavtalar som vernar mot for høg arbeidsbelastning og sikrar at den enkelte barnehagelærar disponerar tid til for- og etterarbeid.
- Gje eit lønsløft og arbeidsvilkår for lærarutdannarar som kan bidra til å sikre kvaliteten i ein lærarutdanning på masternivå.
- Alle vitskapeleg tilsette ved universitet og høgskular må sikrast avsatt tid til forskning og utviklingsarbeid

Utdanningsforbundet skal…

Jobbe for arbeidsvilkår som:

- sikrar gode pensjonsrettigheter for framtida sine pensjonistar:

  - trygge, føreseielege og livslange tenestepensjonsordningar

- sikrar framtidig moglegheit for AFP
- gjev gode og helsefremjande arbeidstilhøve tilpassa ulike livsfasar.

  Desse skal bidra til eit inkluderande arbeidsliv slik at fleire kan stå lenger i arbeid.

Arbeidstid i barnehagen

Påstandar de gjerne møter?

Til refleksjon

1. «Med ny barnehagelærarnorm og samla sett fleire planleggingstimar, blir det for få vaksne som kan vera til stades med barna»

2. «Når alle barnehagelærarar skal ha minst 4 timar planleggingstid blir barna for lenge utan barnehagefagleg kompetanse

https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/ansvar-og-roller/pedagogisk-leder/
https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/

Her kan du finne avtala:

[SFS 2201 Arbeidstid barnehage (utdanningsforbundet.no)]

Kva er SFS 2201?

- Sentral særavtale for barnehagar, skulefritids-ordningar, skule og familiebarnehagar

- Regulerer styrar si tid til administrasjon og leiing.



Kva er SFS 2201?

- Skal bidra til ein god praksis og størst mogleg profesjonalitet i den enkelte barnehage slik at styrarane og dei pedagogiske leiarane/ barnehagelærarane får høve til å gjere ein god jobb til beste for barna.

- Regulerer arbeidstida for pedagogiske leiarar/ barnehagelærarar og lokale drøftingar/dialog om organisering av arbeidstida.

- Regulerer mellom anna òg leiarressurs i SFO

SFS 2201 pkt. 3.1.1: Styrar i barnehage

- Ein barnehage skal ha styrar i heil stilling

- I barnehagar med plass til 42 barn eller meir, skal det avsetjast heil stilling til leiaroppgåver

- Styrar i mindre barnehagar kan også utføre andre arbeidsoppgåver, til dømes arbeid i barnegruppa.

SFS 2201 pkt. 3.2: Pedagogisk personale: arbeidstid

- Vert bestemt overordna frå sentralt hald
- Vår arbeidstid er 37,5 timer pr. veke
- Tid til planlegging, for- og etterarbeid for pedagogiske leiarar/barnehagelærarar: minst 4 timer i veka av dei 37,5 timane
- Organisering av tida (kor og når) fastsettast etter drøftingar i den enkelte barnehage
- Styrar har eit overordna ansvar og må sørge for at arbeidet kan utførast som forutsett (iht. SFS 2201)

Det overordna målet er å sikra ein barnehage til barnas beste. Dette føresett godt samarbeid mellom styrar og tillitsvalde.

SFS 2201 Pkt. 3.4 Planlegging/samarbeid

- 37,5 timar pr. år til planlegging og samarbeid for personalet ved den enkelte barnehage

- Planleggingsdagar i barnehagen

- Utvikling og prosessar for å implementere rammeplanen sine intensjonar og krav i barnehagen sine mål, profil og årsplan

SFS 2201 Pkt. 3.4 Planlegging/samarbeid

Fem planleggingsdager har vi i avtaleverket vårt

– vi veit at flere barnehager lager avtaler om innarbeiding av desse på «inneklemte» dager…

Kva trur de kan bli konsekvensane av ei slik avgjeringi barnehagane?

Tekst arbeidstidsavtala til pedleiarar og barnehagelærarar, pkt. 3.2 SFS 2201

Den ordinære arbeidstida er 37,5 timer pr. veke. Minst 4 timar i gjennomsnitt pr. veke av den ordinære arbeidstida skal nyttast til planlegging, for- og etterarbeid for pedagogiske leiarar/ barnehagelærarar.

Organiseringa av denne tida fastsettast i samråd med det pedagogiske personalet.

Det er leiars ansvar å sikre at dette arbeidet kan utførast som forutsett, både individuelt og saman med andre, og at dei fysiske arbeidsforholda er tilfredsstillande.

TID TIL å følge opp BARNA

UTDANNINGS FORBUNDET

SFS 2201, protokolltekst TIL PKT 3.2. Viktig!

Kommentarer til punkt 3.2:
«Minst 4 timer» forstås slik at det også vil være grunnlag for å anvende tid utover 4 timer når det er behov for det. Dette for å sikre fleksibilitet i anvendelsen av tiden barnehagelærer og pedagogisk leder har til planlegging av det pedagogiske arbeidet, for- og etterarbeid.

Behovet for tid til planlegging av det pedagogiske arbeidet, for- og etterarbeid kan variere i løpet av et år, men skal minst være 4 timer i gjennomsnitt pr. uke for den enkelte. Organiseringen av denne tiden fastsettes etter drøftinger/i samråd med det pedagogiske personalet. Dette innebærer at styrer har et overordnet ansvar og må vektlegge den enkelte pedagogiske leders/barnehagelærers behov for tid. Betydningen av at det pedagogiske personalet sikres medinnflytelse understrekes.

Partene påpeker betydningen av og behovet for planlegging av det pedagogiske arbeidet, for- og etterarbeid for å sikre god oppfølging av det enkelte barn og av barnegruppen. Det er viktig at pedagogiske ledere og barnehagelærere får bruke timene til formålet. Dersom det skulle oppstå situasjoner i barnehagen som fører til tap av tid til planlegging, for- og etterarbeid, skal denne tiden erstattes på et senere tidspunkt.

De sentrale partene er enige om at forpliktelsene som ligger i kommentarene til punkt 3.2 må følges opp

OPPGÅVE
Til refleksjon

Ein intensjon partane er einige om:

At planleggingstida skal brukast etter formålet

Arbeidsplasstillitsvald fremmar med bakgrunn i eit klubbvedtak dette kravet i sin barnehage:

- Småbarnsavdelingane:
  4 timar per veke i hausthalvåret, 6 timer per veke i vårhalvåret
- Storbarnsavdelingane: 5 timar per veke heile året

1. Kva profesjonsfaglege grunngjevingar vil de framheva og kvifor?

2. Er det andre grunngjevingar knytt til arbeidsvilkår de meiner er relevant å framheve (bemanning, økonomi, rammevilkår) og kvifor?

Planlegging, for- og etterarbeid

Pedagogiske leiarar og barnehagelærarar:

- Minst 4 timar i gjennomsnitt i veka til planlegging, for- og etterarbeid, retta mot pedagogisk tilrettelegging og arbeid for og med barnegruppa og det enkelte barn.

Styrar:

- Har eit overordna ansvar og skal sikre at arbeidet kan utførast som forutsett. Blir barnehagelærar pålagt anna arbeid, må barnehagelærar få høve til å ta att den tapte planleggingstida.

Prosess – plantid

Klubbarbeid!

Organiseringa av tida fastsettast etter drøftingar/ samråd med pedagogisk personale.

Dette nedfelles i eit referat, gjerne i form av ein plan.

Der det er ein tillitsvalgt, skal den tillitsvalgte og styrar drøfte kvar og kva tid tiden skal brukast –

og hvor mye tid som skal brukes, med utgangspunkt i minstegrensen på gjennomsnittlig fire timer.

UTDANNINGS FORBUNDET

Drøftingstema i SFS2201

- At minst 4 timar (til den enkelte) forståast slik at det òg skal vere grunnlag for å anvende tid utover 4 timer når det er behov for det.

- At tapt planleggingstid skal erstattast på eit seinare tidspunkt

- Kva innverknad får barnehagen sitt budsjett, fysiske arbeidsforhold for organiseringen av arbeidstiden?

OPPGÅVE
Til refleksjon

Ein anna intensjon partane er einige om :

Meir enn 4 timar planleggingstid når du har behov for det.

Som arbeidsplasstillitsvald skal du starte ein prosess med medlemmene for å synleggjere behovet for fleire timar til planlegging i din barnehage

- Kva vil du vektlegge?
- Kor ligg moglegheitene og kor ligg hindringangane/ begrensningane?

OPPGÅVE
Til refleksjon

Utdanningsforbundet meiner:

«Det er barnehagelæraren sjølv som best vurderer kva planleggingstida skal brukast til».

Kvifor skal barnehagelæraren ha autonomi over eigen planleggingstid? Bruk gjerne din eigen praksis og erfaring til å grunngje.

Det er styrar sitt ansvar å sikre at planleggingstida blir gjennomført

«Det er leiar sitt ansvar å legge til rette for at dette arbeidet kan utførast som forutsett, både individuelt og saman med andre, og at dei fysiske arbeidsforholda er tilfredsstillande.»

Altså eit overordna ansvar for kvalitet i barnehagen og for føresetnaden pedagogiske leiarar /barnehagelærarar gis til å planlegge for kvalitet

OPPGÅVE
Til refleksjon

«Det er styrar sitt ansvar å leggje til rette for at tapt planleggingstid vert erstattas, men som ATV bør eg bidra med gode løysingar»

I protokoll frå hovedtariffoppgjeret (kommentar til SFS 2201) heiter det at «tapt planleggingstid skal erstattes».

1. Kva er dei gode løysingane?
2. Kva er dei viktigaste hindringsfaktorane?

Oppsummering SFS 2201

Arbeidstidsavtala skal sikre:

- Kvalitet i barnehagen til barna sitt beste
- Føreseieleg arbeidssituasjon for barnehagelærarane
- Minimum 4 timar til planlegging, for- og etterarbeid
- Drøftingsrett på organisering av tida

UTDANNINGS FORBUNDET